

KVIFOR VART DET KNAPT MED SMITTEVERNUTSTYR?

Det er tre hovudårsaker til at tilgangen til smittervernustyr vart knapp: Vi fekk ikkje utstyr der vi vanlegvis får det. Det vart stor global etterspurnad. Det var lite på lager.



- ▶ Kina laga mykje av smittevernustyret vi har brukt. Kina var også landet med første utbrotet av korona-viruset. Det innebar at mykje av produksjonen og dei vanlege forsyningslinjene stoppa opp.
- ▶ Korona-viruset spreidde seg over kloden og førte til at alle land treng same utstyr, som det allereie var knappleik på.
- ▶ Vi hadde relativt lite på lager. På lagera var det gjerne nok til normalt forbruk av utstyr ei tid, men korona-pandemien utløyste eit behov langt over det.
- ▶ To hovedstrategiar vaks fram for å møte den knappe tilgangen: 1) skaffe utstyr og 2) bruke utstyret ein har godt og forsvarleg.

